

Tradisjonsbåtprosjekt Nordhordland

IL Kvernbit, gruppe roing og segling jobbar med for tiden med eit tradisjonsbåtprosjekt. Frå Sparebankstiftelsen DNB har Forbundet kysten fått 7,9 mill. kr. til bygging av norske klinkbygde tradisjonsbåtar. Av dette har IL Kvernbit fått tilsagn om kr. 300 000 til bygging av båten Oselvar seksæring. Oselvarbåten er kåra til Norges nasjonalbåt og handverket ved bygging av båten er også på UNESCO si liste for verneverdig immateriell kulturarv.

Vi søkjar og andre instansar om pengar og reknar med at fire båtar, nok til ein skuleklasse, kan bli bygd i løpet av 2019.

I tillegg til bruk i idrettslaget er det også meininga å tilby skulane uteskuleopplegg; opplæring i roing, segling, fiske, marinbiolog, kystkultur og lokalhistorie knytt til sjø, vatn. Det er også meininga å trekke inn seilforeningar, Nordhordland padleklubb, UiB i Bergen, biologisk institutt, og Havforskningsinstituttet i utforminga av opplegget. Den einskilde skule kan/skal sjølvst og vera med i utforminga av bruken av båtane og undervisninga slik det passar best for dykkar skule.

Hovudbase, fellesnaust for båtane er Flatøyosen, men båtane skal også brukast på Rylandsvatnet; ved Rosslund skule, Rosslundvågen og Storavatnet. Dei kan også tidvis fraktast til andre lokalitetar. Når båtane blir brukt i Flaøyosen kan uteskuleprosjektet også kombinerast med aktivitetar på Håøy, ved Rylandsvatnet og Storavatnet med aktivitetar i skogsområde ved vatna.

Det er viktig for prosjekt at vi får skriftleg tilbakemelding frå skulane at dei kan vera interessert i bruk av båtane. Vi vil så, i løpet av 2019 i samarbeid med skulane å få til konkrete opplegg som kan setjast i gang i løpet av 2020. Hvis mogleg ynskjer vi snarleg tilbakemelding om interesse, gjerne i løpet av inneverande veke hvis mogleg, og aller helst innan utgangen av september.

Håpar dette er av interesse

med venleg helsing

IL Kvernbit
v/leiar ro og seglgruppe
Atle Bergseth

Båtane skal utstyrt med med rigg for både sprisegl og råsegl («vikingsegl»)
Her bilete frå sjøsetting av ny seksæring

